



## Referat frå styremøte i Hordaland, Sogn & Fjordane regionlag av Creo

**Dato:** Fredag 21.juni 2019 kl. 17.00 – 19.10.

**Stad:** Kantinen til BFO, Grieghallen, Bergen

*Frammøte:*

- *Kjell Erik Husom (leiar)*
- *Silje Sandodden Kise (nestleiar)*
- *Thorstein Holgersen*
- *William Kay*
- *Siri Aastad Kvaleid*
- *Bjørn Gisle Seter*

### **45/19 Godkjenning av innkalling. Val av referent.**

Innkallinga vart godkjend og William Kay vald som referent.

### **46/19 Godkjenning av saksliste og referatet frå førre møte 03.05.2019.**

#### **Merk – innmeldt feil i referatet på sak 43/19.**

Sakslista vart godkjend. I samband med handsaminga av sak 43/19 den 3.mai vart det poengtert at regionlagsstyret har fleire medlemar enn dei nye normalvedtektene til Creo legg opp til. Årsmøtet valde heller ikkje nummererte vara slik det har vore praktisert tidlegare. Utfallet av diskusjonen var noko uklårt og styret skal i dette møtet gjere endeleg vedtak i saka. Sjå sak 53/19.

Referatet elles vart godkjent utan merknadar.

### **47/19 Orientering om pågåande og løyte saker.**

Kjell Erik Husom og Thorstein Holgersen orienterte om viktige saker som regionlaget har arbeidd med sidan sist styremøte. Det har vore nokre krevjande

saker, både når det gjeld innhald og tidsforbruk, men utfallet for regionlaget sin del har i mange tilfelle vore positivt.

**48/19 Sommarfest 23.08 2019. Tid, stad og innhald. Organisering. Kurs. 23.- 24. august 2019. Tid, stad og innhald. Organisering. Andre kurs for hausten?**

Styret diskuterte moglege lokale for sommarfesten, mellom anna Grieghallen og Cornerteateret. Grieghallen er under oppussing og det er ikkje sikkert arbeidet er ferdig til 23.august. Lokalet er godt eigna til kurs, men kanskje ikkje til fest? Det motsatte gjeld Cornerteateret – eit godt festlokale men mindre eigna til kurs. Styret valde Siri Aastad Kvaleid og Silje Sandodden til å arbeida vidare med det praktiske kring arrangementet. I budsjettet som vart vedteke på årsmøtet er det satt av kr. 20.000 til sommarfesten.

Kjell Erik Husom sender ut innbyding til kurset på e-post. Styret ser føre deg at det kan koma kring 20 deltakarar på kurset, og set ei grense på maks 30.

Når det gjeld andre aktuelle kurs er det framleis stort behov for kursing innanfor KS når det gjeld tolkning av reglane om arbeidstid. Ulik praksis mellom kommunar har synt seg å vera eit problemområde i samband med kommunesamanslåingane som no er i gong. Det er trong for å koma fram til ei felles forståing mellom leiarar og tilsette, men styret var usikker på kor vidt eit kurs i regi av Creo også skulle vera opent for leiarar. Thorstein Holgersen tek kontakt med Creo sentralt for å skipa til kurs. Fokuset vert retta mot tillitsvalde i KS-sektoren. Styret føreslo november som eit høveleg tidspunkt for kurset.

Regionlaget sender søknad om kursstønad til Creo sentralt i samband med begge kursa ovafor. Stønaden vil vera avgjerande for om vi kan arrangere kurs eller ikkje.

Styret drøfta også kurs retta mot frilansarar som tek opp tema som er høgst aktuelle for dei, t.d. pensjon, sjukepengar, tolking av Creo sine anbefalte minstesatsar osv. Styret ynskjer å få til eit slikt kurs men det vert for travelt no til hausten. Eit høveleg tidspunkt vil vera i samband med årsmøtet 2020. Leiar tek kontakt med Creo sentralt for å engasjere dei som kurshaldarar og for å invitere leiinga til å delta på årsmøtet vårt.

#### **49/19 CreoHSF Stipendfond - rapport frå investeringa av midlane.**

Kjell Erik Husom og William Kay kunne orienterte styret om at fondsmidlane no er plassert i fond med middels risiko, i samsvar med tidlegare styrevedtak (40/19).

Grunnkapitalen på kr 500.000 vart investert slik:

- Kr. 250.000 i ODIN Flex C
- Kr. 125.000 i ODIN Horisont
- Kr. 125.000 i ODIN Konservativ C

Horisont har ein litt høgare risikoprofil enn Flex, medan Konservativ har lågare risikoprofil.

#### **50/19 Creo Representantskap 7.juni – rapport.**

Kjell Erik Husom deltok på representantskapsmøtet og orienterte om den pågåande diskusjonen sentralt om regionlaga si rolle i framtida. Det er eit ynskje frå Creo sentralt at regionlaga skal drive verving og ikkje medlemservice. Samtidig er det tydeleg at organisasjonen sentralt ikkje har kapasitet til å ta seg av alle sakene som regionlaga i dag handsamar. I etterkant av representantskapet har leiar drøfta dette vidare med dagleg leiar i Creo, Erik Normann, jf.sak 51/19.

#### **51/19 Møte med Erik Normann 10.juni – rapport.**

Leiar kunne fortelje om eit positivt møte med dagleg leiar i Creo, Erik Normann. Regionlaget sine meiningar om korleis laga i framtida skal kunne fungere vart lagt fram. Dette inneber mellom anna ei kursendring sentralt som vil setje regionlaga i stand til å drive godt fagforeiningsarbeid for medlemmane våre. Dette i seg sjølv er noko som kan gje medlemsvekst, truleg meir enn ved at vi har eit einseitig fokus på vervekampanjer.

Organisasjonen bør tenkje større enn at «vi skal verta mange». Creo bør marknadsføre seg som eit forbund med eit verdisyn som går utanfor andre foreiningar, slik at vi vert det naturlege valet for alle som arbeider med kultur. Vi bør setja menneske og kultur i fokus på ein måte som foredler mennesket, og ikkje drive populistiske valkampar.

Det vert også igjen etterlyst nytt vervemateriell frå Creo sentralt.

**52/19 DKS: Oppfølging av spørjeundersøkinga og innsamling og vudering av data. Kva gjer vi vidare?**

Silje Sandodden Kise la fram tal og synspunkt frå spørjeundersøkinga som vart gjennomført no i vår. Det kom inn svar frå 19 respondentar, deriblant medlemar i Creo, Brak, Proscen og Billedkunst Hordaland.

Mange respondentar stadfesta at dei fleste vil bruke tida si på framføring og formidling, ikkje på administrasjon. Arbeidsmodellen til DKS Bergen var også eit gjentakande tema.

Silje skriv ein fullstendig rapport frå undersøkjinga og sender denne til Hans Ole Rian, med kopi til regionlagsleiar Kjell Erik Husom. Denne bør vera dei i hende så snart som råd kring 1.august.

Styret vedtok at Silje Sandodden Kise skal få utbetalt eit honorar på kr. 3000 for dette arbeidet.

**53/19 LO sitt regionråd Vestland – formelt vedtak på representant til dette.**

I samband med skipinga av nye Vestland fylke skal LO opprette eit nytt regionråd. Tidlegare har Asbjørn Flåm vore vår representant i Sogn og Fjordane medan leiar Kjell Erik Husom har teke del på møta i Bergen.

**Vedtak:** Regionlagsleiar Kjell Erik Husom skal representere CreoHSF i LO sitt regionråd for Vestland fylke. Thorstein Holgersen vart vald som vararepresentant.

**54/19 Siri Kvaleid melder permisjon frå 1.august. Vedtak på kva styret gjer.**

Styret var samd om å kalla inn vararepresentant for Siri Aastad Kvaleid dei gongane ho ikkje kan delta på styremøte det komande året.

**55/19 Eventuelt.**

Kjell Erik Husom orienterte om ein førespurnad om korleis reglane om bunden og ubunden tid bør tolkast i kulturskulen. Etter drøfting var styret samd om at Thorstein Holgersen og Kjell Erik Husom skulle følge opp saka.

**56/19 Neste styremøte.**

Neste styremøte vert den 23.august kl 13.30 – 15.30. Dette er same dagen som sommarfesten.

*Referent: J.William Kay.*